

Styrets sammensetning

Leder: Maria Langhelle

Styremedlem og varamedlemmer: Thomas Wiik,

Revisorer: Espen Ødegaard

Nytt styremedlem: Iselin Helland Rundhovde

Styrets arbeid

Styremøter

Det er avholdt 1 styremøter i 2017.

Spesielle oppgaver

(Oppgaver som er av betydning og saker som har tatt mye av styrets tid.

Deltagelse på andre organisasjoners møter)

1. kva velforeninga skal nytta av økonomiske ressursar på vedlikehald av leikeareal opp mot målsetjinga om kultursti.
2. kva skal velforeninga vidare søke tilskot til hos dei ulike aktørane ein finn via i tilskuddsportalen.no, og arbeidsfordeling av dette til styremedlemmene.
3. kva velforeninga skulle setje på dugnadsinnkallinga, samt arrangement av sosiale treff for byggefeltet.
4. Referat i høve til møteverksemd, og logistikk i forkant av dugnad og sosiale treff for bebuarane.

Aktivitet

(Her seier ein noko om aktiviteten i foreninga.)

1. Innkalling til årsmøte i Hilland Vel, feb 2017:
 - Behandla årsmelding
 - Behandla rekneskap
 - Behandla innkomne forslag
 - Val av tillitsverv ved ønske om det
 - Vedta budsjett
 - Anna
2. Om velforeninga må fornya dissestativet nytter ein seg av innbetalt støtte frå bebuarar. Den støtta ein har opparbeida seg i form av tildeling frå det offentlige beheldt ein til arbeid kring Pump track slik det går fram av i søknadane.
3. Styret einast om innkalling til dugnad i byggefeltet vår og haust 2017, og ansvarsfordeling blant styremedlemma. Dugnad, vår vert enten veke 16 eller 17. styremedlemmer einast om dette når det nærmar seg. Ein veit også meir om ein treng to dugnadsdagar den aktuelle helga når plan for endeleg dugnadsarbeid ligg til grunne. Dugnad, haust, einast ein om avslutningvis på dugnad, vår. Om det vert realisert noko vedr planar om pump track (sykkelsti/kultursti) må ein leggja til rette for fleire dagar med dugnad i vårhalvåret.

4. På dugnad september 2016, vart ein einig om at ein ville ta vidare sikte på å skaffe midlar til ein kultursti slik at ein får eit meir samfunnsnyttig området av eit til no overgrodd del på leikearealet. Det er planar for dette området som er tatt fram i tilskotssøknadane som er sendt haust 2016. Ein vil fortsetje å søke på tilskotsordningar i 2017 for desse planane. Ein arbeidar også med å skaffe ein prisoversikt og kunnskap om kva innkjøp ein må gjere, samt kven som kan bistå med transport. Styret har hatt ute info om planane til bebuarane og etterspurt om dei har kjennskap/mulighet til å bistå velforeninga med frakt med lastebil. Her var det ingen respons.

Vidare tankar for dugnad vår og haust 2017:

- Rydde boss, beise skaterampa, male leikeapparat og benker på leikearealet, mure grill på tidlegare grillplass, sjå over dissestativet (Iselin HR sjekker pris på dette) og evt vurdere tryggleiken kring denne, montere ny plank og dekk på vipedisse (Thomas B har tatt på seg dette arbeidet), vurdere kjøp av duk og betre fallsikring under vippedissa, evt innspel frå bebuarar.
5. Facebooksida til Velforeninga hadde eit mål om å kunne nå fleire av innbyggjarane i byggefeltet med ulike informasjon frå Velforeninga. Dette føler styret at ein har oppnådd, og bebuarar nyttar denne sida både til eigen og felles interesse for feltet og informasjonsutveksling. Utifrå oppmøte på dugnader ser ein at ein når dei som er interessert til å stille på dugnad via facebooksida. Styret kjem ikkje til å henge opp oppslag i postkassehusa om dugnad/anna info då me ser me når dei som er interessert via facebook.
Thomas W undersøker behov om å overta administrasjonsretten for sida. Han kontaktar tidlegare styremedlem Anne-Kjersti Olsvik ved behov.
 6. På årsmøtet i feb 2015 avgjorde styret i Velforeninga å starte oppatt med medlemskontigent til Velforeninga. Velforeninga har då ikkje hatt ute noko medlemskontigent blant bebuarane pga lite engasjement dei siste ti åra. Ved å vise til inntekter frå kontingent vil velforeninga stilla sterkar ved evt søknader om midler. Bebuarane mottok medlemskontigent i felte vår 2015. På årsmøtet 2016 einast ein om at bebuarane treng påminning vedr medlemskontigenten. Det kjem info om medlemskontigenten i mai/juni kvart år, og påminning om medlemskontigent i aug/sept same året. Haust 2016 fekk bebuarane også oppmoding om å nytte seg av Vipps (via reknskapsførar sitt tlfnr), og dette førte til stor auke i innbetalt medlemskontingent til velforeninga. Dette til gjentaking!
 7. Thomas W legg Iselin HR til i dropbox. All dokumentasjon om drift av Hilland Velforening er samla her.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

(Her vurderes aktiviteten i forhold til de målsetninger som klubben har satt seg.)

1. Hilland velforening har gjennomført målsetjing om dugnad to gongar i året, samt søke tilskot hos ulike instansar.
2. Gjennomføring av to dugnader i året (vår og haust) i byggefeltet gjekk bra. Her fekk innbyggjarane i feltet innkalling vis oppslag i postkassehusa og via facebook-sida. Det var størst oppmøte på vårdugnaden og ein fekk gjort mykje vedr innkallinga. På haustdugnaden, då det hovudsaklig var styremedlemmer som stilte beslutta ein å ikkje plukke boss i gatene. Bebruarane vart informert om dette via facebook-sida, og oppmoda om å gjere dette på eige initiativ. Det har dei siste tre åra vorte rydda ein del skog, ugras og boss ved leikeplassen og i feltet. Styret tenker at Velforeninga har godt av å vise til anna type arbeid og fornying av leikeapparat på leikeplassen for å kunne oppretthalda engasjementet for dugnadsaktivitetane, og vidare bruk av leikearealet for feltet.
3. Det som er vorte gjort i 2016 på dei to årlege dugnadane: rydda leikeareal for ugras og boss, rydda boss i gatene som høyrer velforeninga til. Leikeapparatet som vart flytta opp til leikearealet i Storsteinen frå Leitet er ferdigstilt, og her gjenstår det berre maling. Nye bolter m/mutter i vippedissa. Felling av tre og klargjering på arealet kor ein tenker at ein evt pump track kan vera aktuell om ein får tildelt midler. Kantklipping av gras og ugras i sommerhalvåret på eige initiativ av bebruarar.
4. Hilland Velforening søkte om midlar frå Kulturmidlane, Lindås Kommune, vår-16, her fekk ein tildeling. Haust-16 vart det også søkt eit større tilskot hos Sparebanken SR-Gaver utan hell. Vår 2016 mottok bebruarar i felta som høyrer Velforeninga til ei frivillig medlemskontigent pålydande 250 kr, påminning om dette kom ogs haust 2016. Dette til gjentaking. Velforeninga har også skaffa maling for vedlikehald av postkassehus ved interesse som enno ikkje er nytta. Ein tenker å nytta seg av denne malinga til leikeapparatet som er restaurer. Ved å nytte seg av Tilskuddsportalen.no får ein god oversikt over søknadsfrister og kva tilskuddsordningar som kan vera aktuelle for velforeninga. Søknadsfristane er spreidd jamt utover i heile året, så her må ein følgje betre med slik at ein har mulighet for å kunne realisert evt tankar om endring på leikearealet som vil by på større utgifter for velforeninga.
5. Sosialt arrangement, jonsokmarkering, arrangert av Hilland velforening fekk god oppslutnad blant småbarnsfamiliane, og fristar til gjentaking. Privatpersonar stilte med grill etter organisering av styremedlem.